

BOKN BYGDABLAD

NR. 2 - MARS 1992 - ÅRG. 7

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

ARSVÅGEN BETRE ENN RYKTET SITT



Ut frå alt som er skrive og sagt i radio skulle ein tru at Arsvågen ferjeterminal har hatt enormt med kanselleringar p.g.a. hamneforholda.

Dette er nok ikkje tilfelle. Bokn Bygdablad har hatt kontakt med Vegkontoret og Rogaland Kystferger, og driftsleiar Torleif Frafjord ved ferjeselskapet seier at Arsvågen har hatt like god regularitet på ferjene som Mekjarvik og Skudeneshavn i tida etter at ferjeterminalen blei åpna sommaren 1991.

Totalt har det vore 3 kanselleringar på Arsvågen, og det er ikkje meir enn det har vore på dei andre ferjeterminalane i Randaberg og Skudeneshavn. Det som er det største problemet i Arsvågen er drag i sjøen. Dette problemet har dei også i

Mekjarvik, og det er vel grunn til å tru at også Mortavika kan bli ei utsett hamn?

TRAFIKKAUKE

Elles opplyser Frafjord at trafikken over Boknafjorden har auka. I januar var det ein auke på 20%, og i februar ca. 15,5%. Skudeneshavn tar 20% av trafikken, mens Arsvågen tar 80%.

Frå 1. april vil det bli visse rutejusteringar, og ein kjem då tilbake til omrent same rutene som gjekk før den siste justeringa. Nattseilingane vil halda fram også frå april.

Frå Bokn vil sannsynlegvis den første dglege avgangen bli kl. 05.30, og den siste kl. 02.00.

BARNE- OG UNGDOMSMINNEN
FRA STRAUMEN

Me var 4 ungar som vaks opp i Straumen. 3 gutar og ei jente. Eg kan ikkje hugsa at me var uenige på nogen måtar. Det som den eine fant på vart samrøystes vedteke av oss andre. Det var livlegare i Straumen den gong enn det er i dag. Her var mange ungar. Dei kom frå Sunnaland, Jøsen og Grønnestad - og "Sundversungane".

Fredag gjekk Sigvald til Kopervik med skøyta. Det var avgang frå Straumen kl. 10.00 og retur frå Kopervik kl. 15.00. Me betalte ei krona tur/retur. Det var som regel mange som reiste den veien. Det var ei populær rute. Når me hørde skøyta kom, var det å springa og opna bruia. Eg kan hugsa 2 bruer, den eine var av tre, den siste vippebruva var av jern. Det var folk fra Anda slippen på Sandnes som sette den opp. Den faste bruva som er nå blei laga i 1957.

Ka me dreiv på med som ungar var forskjelligt. Det var å fiska mort i "borjene" og ut å ro.

Eg skal nå fortelja om den gamle skulen på Hognaland. Alle oss opp i åra hugsar skulen me gjekk på. Det er helst for den yngre generasjon eg vil fortelja korleis det var å gå på skule i 20-åra.

Min første skuledag kan eg hugsa som det var i går. Læraren vår heitte Hans Sundvor. Han var ein grei lærar. Eg kan ikkje hugsa han gjorde forskjell på nogen av oss ungane. Det var ei skulestova, eit lite kammers og gang. Der var ein svær etasjeomn. Der tørka læraren sokkane og skorne og varma melkeflaskene våre. Det var mange som hadde lang skuleveg, dei frå Oksebåsen,

Laupland og Are. (Det var ikkje mykje skulebuss i den tida). Det er rart at til eldre ein blir til meir minner dukkar det opp. Både gode og vonde minner, helst gode heldigvis. Skulen var delt i to klassar, minste og største klassen. På mandagar var det bibelhistorie i fyrste timen, i den andre var det rekning. Fyrste timen begynte med song. Det var som regel "Sjå dagen sprett i auster eit". Når timane var slutt var det oftast å syngja "Fagert kveldsol smiler" Eg hadde 6 (3) i song. Det var ikkje rare greiene. Det året eg begynte på skulen var i 1920. Året etter blei det tatt bilde av oss ungane. Me var 37 stykker i begge klassane. Det viser seg at det var ein heil del meir ungar her vest en det er i dag. Dette fotografiet har eg tatt vare på. Eg hugsar og eksamendagen. Me hadde rekning der var bl.a. brøk. Någå me den gong kalte for "hattabrøk". Der var det å finna fellesnevnen (den har eg ikkje funne ennå). Eg fekk ikkje den nevnen til, eg lurte meg over til den andre sida. Der var det ei kjekk jenta som hjelpte meg. Eg trur eg kan hugsa at den var 12. (Takk for fellesnevnen Ragna).

Nå får det vera nok om skulen. Eg skal fortelja meir om kva me ungane fant på. Badelivet var det så som så med. Me har ei vik sør om Straumen som heite Leirgrov. Det var ein brukelig badeplass den gong. Nå er den heilt overgrodd. Eg hugsar ein gong me rodde sørover for å bada. (Når eg nå seier me, så var det alltid Østen og meg). Antakeleg diskuterte me kven som våga å hoppa uti. Berre hopp sa han Østen, du kan sikkert symja. Eg var galen nok og hoppa uti frå båten. Trudde aldri at eg hadde kome opp igjen.

Når eg først er inne på tullet me fant på, skal eg fortelja om den fyrste røyken me hadde. Det budde ei gammal kone her i Straumen. Ho heite Margrethe Gundersen. Me kalla henne for Margreta. Ho røykte som ein stimbåt. Ein dag spurte me henne om me kunne få grava or pipa hennar å få oss ein røyk. Det var det ingen ting i veien for. Eg hugsar at me skrapte or pipa og ned på eit papir. Det var reine dynamitten, me hadde ikkje noe papir. Me reiv eit stykke or ei gamal bok og lagde oss kvar sin "badlas". Etterpå gjekk me ut Jøsenveien. Me fekk fyr på svineriet og røykte som berre det. Det varte ikkje lenge før det tok til å virka - alt gjekk rundt. Me blei svært sjuke. Det var så vidt me kom oss heim og til køys.

Eg kunne fortelja mykje meir om ka me organe fant på.

Så var det konfirmasjon. Me var 12 stykker i alt. Presten den gang var Ivar Åsen. Me var 4 stykker her i kretsen. Me hadde visst ikkje syklar nogen av oss. Eg for min del gjekk Dagslandskaret, det var 15 minutter kortare enn om Vatnaland. Eg blei konfirmert i 1927. Året etter var eg på sildafisket, det var masse sild det året. Eg var med ein båt frå Are tilhøyrande Jørgen Are m.fl. Eg hadde 450 kr. på lot, det var mange penger det. Det varte ikkje lenge før eg reiste til byen, der kjøpte eg meg ny dress hos Rabinowitz. Den kostet 70 kr., då var det dobbelspent vest. Ein frakke kosta det same, ei hua hos Rasmussen "Rasmahua" kosta 7 kr. Då var den med snor. Eg hadde eit par sko ein gong som eg fekk trøbbel med, det var dei beste eg hadde. Det var blitt hol på tåa på den høgre skoen på utsida, der måtte eg sy på ei "grima". Hadde nok ikkje penger til å kjøpa nye for.



Strømmen, Boka.



Her var mange juletrefester den gong. Frelsesarmeens hadde fest langt ut i januar. Det kosta 1 kr. på kvar fest. Det var på desse festane eg hadde trøbbel med den galne skoen. Det gjekk godt og vel når eg hadde den grimskoen på innsida av ringen, men når ein snudde ringen fekk eg den galne skoen på utsida av ringen. Det var ikkje kjekt.

Sykkel hadde eg ikkje råd til. Eg var med på brislingfiske eit par år. Det var Jakob og Lars Øvrebø eg var med, skøyta var "Bårlå". Me var på austlandet ved Hvaler og Skjærhallen. Me hadde nota i ein stor gavlabåt. Fyrste året rodde me ut nota, men andre året var det motor i båten. Det var stor stas. Me slepte med ein båt som heite "Standard". Eg kan ikkje hugsa hva eg fekk på loten. Men eg fekk penger til min fyrste sykkel.

Nå må eg slutte mens vel er. Eg har ennå eit hav å ta av.

ÅRSMØTE I DEI POLITISKE PARTIA

Bokn Krf.

har hatt årsmøte og gjorde eit samrøystes vedtak om å gå imot EØS-avtalen. Både at det har vore turbulens bak forhandlingane, og usikkerhet som er knytta til EF-domstolen er faktorar som Bokn Krf. legg vekt på som bakgrunn for vedtaket.
På årsmøtet hadde Bokn Krf. besøk av Leif Malvin Knutsen, varaordførar i Karmøy, som orienterte om EØS.

Val:

Sverre Øvrebø, leiar
Gunvor Øvrebø og Ingrid
Blikshavn vart attvalde som
styremedlemmer, Sigurd Johnny
Svendsen og Eli Kro sto ikkje
på val, og held fram i styret.

Varamedl.: Marie Vågshaug og
Svanhild Alvestad.

Utsendingar til
fylkesårsmøtet: Sverre Øvrebø
og Ingrid Blikshavn.

Bokn Sp.

hadde årsmøte 18. november
-91.

Årsmelding og rekneskap vart
samrøystes godkjende.

Bernhard Våge sa frå seg
attval, og Sigwart Våga vart
vald til ny leiar. Anne Marie
Medhaug vart til ny nestleiar.
Til styremedlemmer vart valde:
Wenche L. Havikbotn og Daniel
Thuestad.

Varamedlem: 1. Thor Jøsang, 2.
Bjarte Kro, 3. Johannes
Nilssen, 4. Trond Nedrebø, 5.
Rune Vatnaland og 6. Gaute Kro.
Som utsending til fylkeslaget
sitt årsmøte vart vald Daniel
Thuestad. Dessutan møter
leiaren og partiet sine
formannskapsmedlemmer.

Studieleiar: Sigrunn Hole
Hosaas.

Bokn Ap

hadde årsmøte den 19. februar.
Det vart lese opp årsmelding
og vedtatt rekneskap.

Val - samrøystes:Leiar:
Marit Markhus
nestleiar: Marie Løvoll Faye
Sekr: Ingjerd Thuestad
Kasserar: Arne Hosaas
Styremedlem: Gustav Solberg

Varamedlemer: Ingrid Jøsang,
Solveig Ørjansen, Else
Kjellesvik.

Arne Hosaas innleia til
diskusjon om bygging av
bustader i kommunal regi.

Andre val:
Leiar og nestleiar vart valde
som årsmøterepr.
Representantsk: Marit Markhus
og Marie Løvoll Faye.
Revisor: Gunnar Bokneberg og
Ove Alvestad.
Festkomite: Arne H, Gunnar B.
og Marie L. F.
Kvinneutval: Marie L.F. og
Marit M. (Observatør).

Diverse andre aktuelle saker
vart drøfta.

Bokn Høyre

hadde årsmøte den 12. februar.
Gunnar Ulland frå Vindafjord
orienterte om
samfunnshus/grendahus -
tilskotsordningar og
framgangsmåte ved planlegging.

Val av styre:
leiar: Ingvar Alvestad
nestleiar: Svein Ove Alvestad
Styremedl: Aud Hanne Rasmussen
Olav L. Rossebø
Ingebjørg Larsen
Arnfred S. Alvestad

Uts. til fylkesårsmøte:
Ingvar Alvestad og Aud Hanne
Rasmussen.

NY NÆRINGSVERKSEMD?

Bokn har nå fått fastlandssamband med kyststamvegen gjennom kommunen. Kommunen har i planane sine og i andre samanhengar sagt at turisme er ein næringsveg som skal satsast på.

Kva vert gjort i kommunen på dette feltet?

Det har tidlegare vore innspel m.a. i bygdabladet om gardsturisme, og kva muligheter som ligg i dette. M.a. lenger nord på Vestlandet er dette ein ting dei satsar på. Også i nabokommunen Tysvær er dette med gardsturisme noko som vert arbeidd aktivt med.

Kva med Bokn?

Det er ikkje mange kommunar som har så gode naturgitte forutsetningar og tradisjonar når det gjeld kystkultur og fiske rett utafor stovedøra. Nokre få boknarar har forstått at dette er noko ein kan tena pengar på, og har leigd ut sjøhus/hytter til tyskarar og andre. På Kontinentet er folk svært interesserte i dette ferielivet. Her ligg sannsynlegvis store muligheter for ny næringsverksemd. På Kontinentet er det ikkje berre på sommaren dei vil fiska og feriera, men også på andre årstider. Men dei krev nok god standard der dei skal bu i ferien. Men då får ein også godt betalt.

Kva med å rusta opp eit bevaringsverdig sjøhusmiljø til eit mindre feriesenter? Å ta vare på eksisterande miljø kan vera ein stor fordel i denne samanhengen, sjølv om dei fleste kanskje mest tenkjer nytt.

For ei tid sidan fekk eg ein telefon frå ei jente som studerer ved reiselivslinja ved Oppland Distrikthøgskole på Lillehammer. Ho var frå Stavanger og sa at ho sommaren 1991 for første gong hadde kjørt gjennom Bokn, og var i samband med studia sine interessert i opplysningars om

Bokn. Ho var heilt rørt og overraska over kor fint det var på Bokn, og meinte at kommunen måtte ha store muligheter på å utvikla reiseliv/turisme som næringsveg.

Bokn ligg geografisk midt i Rogaland fylke, og det ville vera ypperleg for lag, foreningar, offentlege etatar og andre å arrangera kurs her dersom det berre var ledige lokale og folk som kunne ta seg av slike arrangement. Etter at fastlandssambandet har ein merka at mange organisasjonar som dekker heile fylket legg samlingar til t.d. Allrommet på Boknatun. Det har også vore stor pågang av dagsturistar i bussar som ynskjer å få seg middag her i Bokn. Til nå har ein til dels greidd å ordna dette ved hjelp av bedehus og Allrom, men eit meir eigna lokale hadde vore ein fordel. Er det slik at mulighetene ligg så oppi augene våre at me ikkje greier å sjå dei, eller er me heilt handlingslamma? Eller er det eg som tar feil - at dette ikkje er noko å satsa på?

Kva skal me elles satsa på? Det er ingen kø av nye og gode idear til ny næringsverksemd. Dersom ingen grip sjansen, vil nok både Rennesøy og kanskje Tysvær ved si satsing på dette feltet ta noko av denne muligheten frå oss. Det kan vera ein fordel å vera tidleg ute.

2. etasje av ferjeterminalen på Are kunne vore ein start. For større arrangement måtte ein nok hatt betre og større lokale.

Så - politikarar, næringsforum og andre som ser mulighetene og kan skaffa pengar til investering - bør ein ikkje arbeida meir med dette?

R.A.

"BOKN KYSTKULTUR"

Dette er namnet på aksjonsveka som Bokn skule gjennomfører nå frå 24.- 28. februar.

Det meste av den vanlege undervisninga fell bort denne veka, og dei 3 teama ved skulen har kvar sine opplegg som dei har planlagt å gjennomføra.

Ungdomsskulen har m.a. tatt for seg stadnamn i kommunen, intervjua folk om dette og har vore ute i naturen. Dei har også vore på bygdamuseet, og dei har arbeidd med å samla inn historier og segn. I tillegg har dei hatt ei gruppe som har arbeidd med marinbiologi/liv i strand-kanten.

4-6.klasse har emnet samferdsel. Dei har spesieltinteressert seg for det som tidlegare var "nattruta". Sist fredag var gamle "Sandnes" innom Føresvik, og elevane fekk gå ombord. Det har også vore besøk frå Sandnes kor ein person har lysbilder og historia om Sandnes Damp som har hatt fleire båtar i nattrutefarten.

4-6.- klassingane har også intervjua folk som har hatt arbeidet sitt på battruta.

1.-3. klasse har hatt ei spesiell veke denne veka. Dei har m.a. vore på sjøhusbesøk i Alvestadkroken, på fisketur, og hatt åpen dag på skulen kor dei har jobba med m.a. spleising, bøting, dei har laga liner, arbeidd på kjøkken m.v.

Skulen har fått bistand av 9 personar frå bygda som har vore med og tilrettelagt dei ulike aktivitetane som bøting, spleising m.v. Fiskarlaget har stilt opp både med folk og materiell, det same har bygdamuseet.

Undervisningsinspektør Ingjerd Thuestad seier til bygdabladet at skulen har møtt stor velvilje hos lag og enkeltpersonar i dette prosjektet.

Fredag den 28. februar har elevane åpen dag på skulen for foreldre og føresette. Då skal alle få sjå på ei utstilling alt dei har samla saman og laga. Då blir det også kafe, sang og foredrag.

BOKN VERT SKAP KOMMUNE

Bokn formannskap har svart ja på tilbudet frå arbeids- og administrasjonsdepartementet om å bli såkalla S K A P kommune frå 1. april 1992. S K A P tyder Skap Kommunale

Arbeids Plasser, og er eit prøveprosjekt i sysselsetjing av arbeidslause. Dette prøveprosjektet vil bli ein erstatning for det som i dag kallast "Arbeid for trygd".

MILJØVERNLEIAR I BOKN

Det skal oppretta stiltillinger i Bokn fra 1. april 1992 til 31. desember 1994. Om miljøvern i kommunen vert det understrekka at alle med miljøvernforvalting, politisk og administrativt. Det skal leggjast styreka arbeidet direkte til radmannen sin stab stiltillinger skal leggjast av miljøvernoppgåvane, og det for den politiske samordninga formannskapet skal ha ansvaret av lønast som konserulent. Det skal leggjast opprette et område for miljøvernforvalting, som pædrivare og koordinator i forhold til alle etatane og som pædrivare og koordinator i natur- og ressursovervaltinga i kommunen.

Det er statlige midlar fra miljøverndepartementet som skal utlyses til åttende miljøvernforvalter i kommunen. Det er statlige midlar fra miljøverndepartementet som skal utlyses til åttende miljøvernforvalter i kommunen. Det er statlige midlar fra miljøverndepartementet som skal utlyses til åttende miljøvernforvalter i kommunen. Det er statlige midlar fra miljøverndepartementet som skal utlyses til åttende miljøvernforvalter i kommunen.

GEBYR FA HYTTESAKER I BOKN?

Bokn formannskap vedtok i møte den 04.02.92 å tilrå ovatør kommunesstyret at det vert regulert gebyr for skål som vert begrensa til (Det skal ikke betala til åttende miljøvernforvaltinga i Bokn) for sak som vert begrensa til området skål trelast om det for øft sponsmållet om det for øft reguleringsplanen) 4. Gebyr for utarbeidning av situasjonskart:

Fylgjande betalingsstatar vert tilrådde: 1. Gebyr for behandling av skrånd om byggeløyve for hytter og kontroll: kr. 1.500,- 2. Gebyr for behandling av skrånd om delingsløyve for hytter: kr. 800,- 3. Gebyr for behandling av "privat" reguleringssplaner og "privat" behandlingsplaner og hyttebyggging: kr. 2.500,-

Erfaringa viser at hyttesakerne er tilkrevjande og ofte vanskelige å vurdere. Ein kan difor ikke sjå nokon særleg grunn til at Bokn skal vere gjeld behandlingsbyr for nokon "frikmunne" når det er tilkrevjande og ofte hyttesaker. Etter å ha behandlingsplanen er ein opp er at Bokn kommune er kommen opp er at saka er ikkje har gebyr for behandling av hyttesaker. Ein av fire kommunar som er i tillegg til at Bokn kommune er ikkje har gebyr for behandling av hyttesaker.

Erfaringa viser at hyttesakerne er tilkrevjande og ofte vanskelige å vurdere. Ein kan difor ikke sjå nokon særleg grunn til at Bokn skal vere gjeld behandlingsbyr for "privat" reguleringssplaner og hyttebyggging: kr. 2.500,-

(Ikkje gjennomtakne i godkjend reguleringssplan) 1. Gebyr for behandling av hytter: kr. 800,- 2. Gebyr for behandling av skrånd om delingsløyve for hytter: kr. 1.500,- 3. Gebyr for behandling av "privat" reguleringssplaner og hyttebyggging: kr. 2.500,-

INFORMASJON FRA TEKNISK ETAT

Boligbygging

Følgende har fått byggetillatelse for bolighus:

- Linda Ognøy i Føresvik
- Per Eivind Ognøy på Austre Bokn
- Odd Grønnestad på Grønnestad

tilknytning til høydebassenget på Vaulen og skal stå ferdig i løpet av august 92.

Nærmere informasjon vil bli gitt når anlegget er satt i drift.

Andre byggesaker

- Trygve Alvestad har fått byggetillatelse for landbruksgarasje

Brannvarsling på Bokn skule

- Etter 2 branner som medførte store utgifter og problemer for skoledriften, er det nå installert brannvarslingsanlegg som er koplet til vaksentralen på sjukestua. Betjeningen her vil varsle brannmannskapene.

Gang/sykkelvei mellom Føresvik og Alvestad

- Planleggingen av den sørligste parsellen over Østen K. Hognaland sin eiendom, mellom fylkesvegen og Driftavegen, er sluttført. Arbeidet vil bli igangsat i midten av mars og skal være ferdig innen 8 mai. Det er ikke budsjettert midler i 1992 til framdrift av gang/sykkelveg videre nordover langs selve fylkesvegen.

Anlegget er basert på røykmeldere som er plassert i alle rom, - inklusiv loft og kjeller.

Den minste ulmebrann skal nå kunne oppdages i god tid og slokkes før skadene er blitt for store.

Privat brannvarsling

- Alle huseiere skal nå ha installert minst 1 røykvarsler i boligen. For å sikre tidligst mulig varsling bør man montere flere røykvarslere og helst kople de sammen i serie.

Kyrkjebygda
vannverk-Vannbehandlingsanlegg

- Som de fleste kanskje kjenner til leveres det i dag ubehandlet vann til abonnentene fra vannverket. Rå-vannet tilfredsstiller ikke helsemyndighetenes krav til drikkevann. Det er derfor bestemt at det skal installeres vannbehandlings-anlegg som vil bestå av klorering, lutdosering og alkalisering i tillegg til UV-bestråling. Alkaliseringsanlegget, som består av store tankar med knust marmor, skal leveres av Bokn Plast A/S. Renseanlegget skal plasseres i

Gjennom forsøk har man kommet fram til at såkalte kombinerte varslere, som både har et ionisk og optisk følersystem, gir tidligst varsling på såvel flammebranner som ulmebranner.

Det er viktig å teste røykvarslene jevnlig. For mange kan det være et problem å klatre opp på en stol e.l. for å gjøre en slik test. Til orientering så kan man få kjøpt røykvarslere som testes ved hjelp av lommelykt. Lysstrålen beveges da bare fram og tilbake over testknappen.

Bruk av håndslokningsapparat

- Alle huseiere skal også ha montert håndslokningsutstyr i boligen. Mange er de som sannsynligvis aldri har brukt et slikt apparat og ikke vet

Personer som ønsker å få nærmere instruksjon i bruk av apparatet kan henvende seg til brannvesenet på telefon 74 85 00 helt hvordan det fungerer.

NYTT FRA SKULESTYRET OG BARNEHAGENEMNDA

Det nyvalde skulestyret hadde sitt første møte 30. januar. Skulestyremedlemmene fekk omvisning i skulebygget og ein brukte også ein del tid på å gjennomgå skulestyrets ansvarsområde og oppgåver. Skulestyret vedtok at ein vil bruke tid framover på opplæring av skulestyremedlemmene. Mellom anna vil det bli eit dagskurs for medlemmene seinare.

Av sakslista går det elles fram at skulestyret overlet til samarbeidsutvalet ved skulen å planlegge opparbeiding av uteleikeområde for 6-åringane og barnesteget. Kommunestyret har sett av kr 80.000 til dette i 1992.

Møteplanen for skulestyret vidare er 5.mars, 9.april, 14. mai og 16. juni. Det kan bli møter ut over desse. Møta blir til vanleg annonser i bygdabladet og ved oppslag på butikkane. Skulestyret sine møte er opne for publikum.

Neste møte (5.mars) er lagt til barnehagen med omvisning og orientering om oppgåvene dei folkevalde har som barnehagenemnd. Viktige saker på dette møtet blir

- revidering av barnehagevedtekten,
- klassedelinga og disponeringa av rammetimetalet for neste skuleår.

Dag Halvorsen

STYRKING AV BARNEVERNET

Bokn kommune har fått statlege midlar til styrking av barnevernet. Midlane skal gå til eit samarbeidsprosjekt kor ein barnevernspedagog tilsett i PP-tenesta skal utvida arbeidstida og også arbeida med barnevernssaker tilknytta

sosialkontoret.

Prosjektet vil i stor grad dreia seg om forebyggjande arbeid, og det vil m.a. bli eit meir systematisk samarbeid mellom PP-tenesta, barnevernet og helsestasjonen.

FRILUFTSINTERESSERTE

Vi er interesserte i å komme i kontakt med folk som liker å gå ute i skog og mark og langs strendene.

Du trenger ikke være ungdom for å være med, alle er hjertelig velkomne.

Bokn Røde Kors Hjelpekorps er til sammen 15 aktive som driver med førstehjelp, kart og kompass og strandredning.

Vi holder selv noen kurs, men sender også folk på kurs andre steder.

Hjelpekorpset prøver å dekke utgiftene til kurs selv, slik at det ikke blir en utgift for de som reiser.

En gang i måneden har vi korpskveld på Allrommet. Her koser vi oss med kaffe og brus. Tar opp problemer og diskuterer framdriften. Vi prøver også å få

foredragsholdere som f. eks politiet eller andre som kan lære oss noe.

En gang i året er vi med på områdeøvelse. Her er vi sammen med de andre hjelpekorpsene fra nordfylket. Disse øvelsene er både lærerike og morsomme. Vi har "heldigvis" ikke vært med på mer enn 2 aksjoner hittil, men vi kan aldri vite når det skjer noe.

Så hjelp oss å hjelpe andre - meld dere på hos oss og husk; ingen må føle seg for "gammel"

Ring oss!

Eller stikk innom i brakkene annenhver mandag fra 24.02. kl. 17.00 - 19.00.

Tlf:

Korpsleder J.M. Lie 748554
Adm.leder T. Tollaksen 748359
Op.leder J.A. Aksdal 748381

ÅRSMØTE I BOKN RØDE KORS

Bokn Røde Kors hadde årsmøte på Boknatun 31.01.92.

Gjest på årsmøtet var formannen i Rogaland Røde Kors, Arnfinsen. Han hadde foredrag og viste lysbilder frå turen sin til Romania hausten -89 og våren -91.

Gjennom foredraget og lysbildene kunne ein sjå at det nytta å hjelpa.

Nord Rogaland Røde Kors har vore med å samla inn penger til barnehjem i Romania, og var og med å forplikta seg til å halda ein sjukepleiar i arbeid i minst 6 mnd. Pengene har gått til nødhjelp, hjelp til omstilling og haldningssendringar.

Etter årsmøtet ser styra slik ut:

HJELPEKORPSET:

Leiar: John Magne Lie
Opr.leiar: Jon A. Aksdal
Adm.leiar: Torleif Tollaksen
styremedl.: Johannes Nilssen
" Kjell Frode Lie
varamedl.: Trine Grønnestad
" Nils B. Nilssen

BESØKSTJENESTEN:

Leiar: Kari Våge
Nestleiar: Solvår Våge
Styremedl.: Astrid Almås
" Heidi Aksdal
Varamedl.: Else Nilssen

LOKALFORENINGA:

Leiar: Hilde Christiansen
Styremedl.: Marit Elin Våge
" Ingrid Jøsang
" May Bente Alvestad
Varamedl.: Bjørg Bokneberg

OPNINGSTIDER:

TIRSDAG : kl.10.00 - 13.30
ONSDAG : kl.16.00 - 19.00
TORSDAG : kl.10.00 - 13.30



LESETIPS FOR MARS

BARN/UNGDOM


Lindell, Unni:
Annas barn

Hauger, Torill T.:
Oppbrudd

Solli, Åsa Gyrid:
Ferden over havet

Fletcher, Rafaela:
Farlig godt

Nerem, Marit:
Farlig helg



VAKSNE

Moe, Ingvar:
Minnenes melodi

Moen, Torbjørn:
Den som kommer aller sist

Norlien, Bo:
Følg meg opp fra jordens grus

Pedersen, Vidar:
Svart som penger

Ulateig, Egil:
Hvit hevn



KJÆRE BOKVENNER

**SJÅ ETTER I BOKHYLLA DI,
KANSJE DU HAR BØKER DU
SKULLE VORE ATTENDE MED ?**

ER "GAMLE BANKEN" LIV LAGA?

Då me starta opp med "Bruksen" i "gamle banken" for nokre år sidan, hadde me vår fulle hyra med å skaffa nok varer til kvar opningsdag. Etter kvart har nok salet dabba ein god del av. No har me vår fulle hyra med å omsetja nok til å klara straum og leigeutgiftene.

Mong ein laurdag har me sete og drøst om kva me skulle gjera for å få folk til å ta seg ein tur innom. Det vert stadig laga nye ting, men kva hjelper vel det når så få vil kjøpa. - Ei stund var der bruksting kombinert med blomar, men no er den tida og slutt.

UTSTILLINGAR

- Ja, kva kom me så fram med av idear? Der var særleg ein type innslag som me tende på.

Det var å halda ein og anna temautstilling. Den fyrste utstillinga tenkte me å halda om ikje så lenge, og den skal ta føre seg gammalt steinty og gamle kjøkkenting.

Ildsjelene i bygdamuseet har me alt snakka med, og dei vil bidra med sitt: Blir dette vellukka, har me planar om andre utstillingar i tida framover. Kva med ei utstilling av gamle minnebøker, gammalt leikety - eller kva om me fekk "vevkjerringane" til å syna oss kva som har blitt resultatet av all dunkinga i tredje etasjen på gamle skulen.

Me skal kunngjera utstillingane skikkeleg på førehand, så de får smøra dykk med tolmod.

Arvid

EIGENANDEL VED AKUTTENESTA

Kommunane har frå oktober 1991 hatt høve til å ta eigenandeler ved tenester utført av heimesjukepleien.

Bokn kommunestyre vedtok før jul 1991 at det ikkje skulle tas eigenandel ved tradisjonelle tenester utført av heimesjukepleien.

Kommunestyret ba likevel helse-og sosialstyret om å vurdera kor vidt ein kunne ta eigenandel ved den såkalla akuttenesta. Dvs. i dei tilfelle der folk oppsøkjer sjukestova ved sjukdom og skade, eller når heimesjukepleiar rykkjer ut i slike tilfelle.

Sjøl om det var frå administrasjonen var innstilt på at ein burde kunna ta eigenandel for dette, rådde helse- og sosialstyret

formannskap og kommunestyre til ikkje å ta eigenandeler for desse tenestene.

Bakgrunnen var nok m.a. at det var grupper som ville fella utanom, slik at det heile ville bli vanskeleg å administrera.

Dei gruppene som vil fella utanom er m.a. dei fleste pensjonistane.

Sosialstyret meinte nok også at sidan barn under 7 år ikkje har eigenandel hos lege, burde dei heller ikkje betala for akutthjelp frå heimesjukepleien. I tillegg meinte nok helse- og sosialstyret at denne tenesta var svært positiv og god for innbyggjarane, og at det ville vera synd å leggja avgifter også på dette.

I møte den 25.02. utsette formannskapet saka.

LESARBREV:

Nye vegskilt på Bokn

Nå har det etterkvart komme opp mange nye vegvisingsskilt på Bokn - og fint er det - for framandfarande folk.

Men korleis skal eg kunna forklara (grunnen til) at når ein skal til Jøsang - må ein sjå etter skiltet "Jøsen", eller når ein skal til

Søndaland må ein sjå etter skiltet "Sunnaland". Skal eg til Loten - havnar eg i "Loden".

Kanskje er meinингa at stadnamna skal gå på dialekt, heretter? I så tilfelle blir det vel slutt med Føresvik - men "Vigjå" - ikkje Alvestadkroken - men "Krojen" o.s.v.

Kvífor kan me ikkje behalda stadnamna me har vakse opp med? Eg berre spør?

Helsing
Ein oppvaksen ekta Boknar

Kommentar:

Aktuelt tema!

Eg viser til artikkelen "NYE SKILT" annan stad i bladet som seier litt om at den nedarva lokale uttalen skal vera utgangspunktet for skrivemåten av stadnamn.

Ut frå dette synes eg at det som har skjedd er gledeleg. Endeleg er det kome namn på stadene som samsvarar med lang lokal seiemåte. Det er vel ingen som seier "Aukland" som det tidlegare var skilta på Økland? Dei aller fleste boknarar seier vel både Loden, Sunnaland og Jøsen når dei nemner dei stadene som innsendaren tar opp.

Ei anna sak er at det er ein del familienamn som heiter Jøsang og Søndeland.

R.A.


NYE SKILT

Den siste tida er det kome mange nye vegskilt i kommunen.

I ein periode var det mange som ikkje fann tilbake til riksveg 512 når dei var inne på lokalvegnettet i Bokn p.g.a. manglande skilt.

Det er nå sett opp nye skilt i mange vegkryss som viser veg både til den nye riksvegen og til dei fleste plassene i Bokn. Det er også sett opp namneskilt ved dei viktigaste stadene i Bokn.

Som sikkert dei fleste har sett, er også skrivemåten på stadnamna endra litt, slik at det samsvarer mest muleg med den lokale uttalen. Dette er ein fylgje av den nye lova om stadnamn som vart gjeldande frå 1. juli 1991, som seier at den nedarva lokale uttalen skal vera utgangspunkt for skrivemåten for stadnamn.



HAUGESUNDS AVIS

skal frå nå av brukar Reidar Risvold som spesielt ansvarleg for stoff frå Bokn.

Dersom du har noko av interesse for avisat, kan du berre kontakta avisat på tlf. 71 95 95 og spørja etter Reidar Risvold eller ein annan journalist.



POMPEL & PILT PÅ VIDEO

Serien om reparatørane POMPEN & PILT - til saman fem episodar - vart sent fyrste gong i fjernsyn i 1969. Serien kom i reprise tre gonger, seinast i 1985.

Det var mykje diskusjon om serien då han fyrste gong gjekk i 1969.

Nå har A & O Video i Bokn fått rettane til å samla serien og til å gi han ut på kjøpevideo. Snart vert han eitt av mange andre tilbud i ein postordrekatalog som kjem nå i februar.

LOKALHISTORISK SEMINAR
13. og 14. mars 1992 innbyr Vikedal soge- og museumsnemnd til seminar med temaet: "Postgang og samferdsel i bygdene våre i eldre tider".

Det vert servert kaffi med noko attåt fredag kveld og middag laurdag.

Total pris innkludert mat er kr. 125,-.

Ring tlf. 760241 for nærmere opplysningar og påmelding.

FASTEAKSJONEN 1992

BRØD FOR VERDA



**KIRKENS
NØDHJELP**

BOKN KOMMUNESTYRE

Bokn kommunestyre held møte tirsdag, den 10. mars 1992.
Møtestad: Boknatun. Møtetid: Kl. 19.00.

SAKSLISTE:

47. Godkjenning av møteboka frå møte 12. november 1991
48. Godkjenning av møteboka frå møte 16. januar 1992
49. Tilsetting av miljøvernleder
50. Søknad frå Bokn Plast A/S om å få sette opp vanntrykket på vannledningen i Føresvik - Tidligere sak F-42/91
51. Forslag til innføring av gebyrer for behandling av byggesøknader, delingssøknader og "private" regulerings- og bebyggelsesplaner for hytter
52. Forslag til justert gebyrregulativ for oppmålingsarbeider
53. Krav frå Torleif Bokneberg om bygging av 2 ferister på Hålandsvegen som erstatning for grunninnløsing til kirkegård m.v.
54. Vannbehandlingsanlegg - Tilbud frå Bokn Plast A/S
55. Retningslinjer for stønad til kulturarbeid i Bokn kommune - Justering av reglane
56. Meldingssaker

Skulestyremøte: torsdag 5.mars i barnehagens lokale kl.19.00

Kulturstyre: onsdag 11.mars i Boknatun kl.19.00

Helse- og sosialstyre: måndag 23.mars i Boknatun



BOKN KOMMUNE

TILSKOT TIL REDUKSJON AV BUUTGIFTER
FOR ALDERS-, UFØRE- OG ETTERLATTE-
PENSJONISTAR

Sosialdepartementet har stilt midlar til disposisjon som skal nyttast til reduksjon av buutgifter for pensjonistar. Alders-, uføre- og etterlattepensionistar som har låg inntekt kan søkja om tilskot. Tilskotet er eit supplement til pensjonsyting frå folketrygda og bustønad frå husbanken.

Inntektsgrensene for å få stønad i 1992 er:

For einslege pensjonistar:	kr. 62.674,-
For ektepar begge pensjonistar:	kr. 101.317,-
Uføre: fødd etter 1944:	kr. 97.310,-
fødd 1925-1944 :	kr. 83.252,-
fødd 1923-1924 :	kr. 67.438,-

Pensjon pr. 01.01.92 vert lagd til grunn, pluss ev. andre inntekter som renteinntekt, tilleggspensjon eller andre inntekter.

Nærare opplysningar, søknadsskjema og hjelp til utfylling kan ein få ved å venda seg til sosialkontoret.

Søknadsfrist: 15. mars 1992.

BOKN RØDE KORS BESØKSTJENESTEN

har eldrefest på Boknatun 10.
mars kl. 18.00.

Pensjonister og alle andre er velkomne.

BASAR

Bokn Røde Kors har basar lørdag den 12.03 kl. 14.00.
Gevinster mottas med takk.

ÅRSMØTE BOKN SANITETSFORENING
Bokn sanitetsforening har årsmøte onsdag den 11. mars kl. 19.30 på Allrommet.
Vanlege årsmøtesaker og val.
(aktuelle kandidatar er spurt)

Mossen Stensland frå Haugesund Sanitetsforening kjem og orienterer om Revmatismesjukehuset og det nye bassenget.

Kaffi og noko attåt.
Alle velkomne

BOKN BYGDEBLAD

UTGJEVAR:

Bokn kommune
4290 BOKN
Tlf. 04-748500
Postgirokonto nr. 0806 5 68 45 01
Bankgirokonto nr. 3373.07.00305

BYGDEBLADNEMND:

Ingunn Våge
Arvid K. Jøsang
Liv Vatnaland

REDAKTØR:

Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn.
Utanbygds: kr. 100,- pr. år.

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 300
Halv side: kr. 150
1/4 side: kr. 75
1/8 side: kr. 50
Små privatannonsar: kr. 10,-.

FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd.

Bladet kjem ut med 10 nr. årleg.

ARRANGEMENT I MARS

- 28.02: Kino
10.03: Eldrefest i Allrommet
Arr: Røde Kors Besøkstj.
11.03: Bingo. Arr:Bokn Brass kl.19.00
14.03: Konsert: Musikkskulen kl.14.00
20.03: Pensjonistfor. har møte
21.03: Basar: Arr:Røde Kors
21.03: Dans. Arr: Idrettslaget



BOKN KOMMUNE

VANN- OG KLOAKKAVGIFTER 1992

Fylkesmannen i Rogaland har godkjent Bokn kommunestyre sitt vedtak av 17.desember 1991 om økte tilknytnings- og års-avgifter. Satsene er som følger, inklusiv moms:

VANN

Årsavgift, hus	kr.	666,-
Årsavgift, hytter	"	330,-
Tilknytningsavgift	"	7.320,-

KLOAKK

Årsavgift, hus	kr.	666,-
Årsavgift, hytter	"	330,-
Slamavgift, hus og hytter pr.år	"	480,-
Tilknytningsavgift	"	7.320,-

Nærmere opplysninger om avgiftene gis ved teknisk etat.

TEKNISK SJEF

- 1.3.Kl.11.00.Høgmesse v/Bårdsen
Dåp. Offer Karms. Indremisj.
15.3.Kl.11.00.Høgmesse v/Westen
Nattverd.Offer til
soknerådskassen.
29.3.Kl.19.30.Kveldsmesse v/
Sokneprest Finnleiv Haga.
Offer misjon i Øst.

FOTPLEIE

Det vert fotpleie onsdag den 11.mars. Påmelding til sosialkontoret, tlf 74 85 00

SUNDAGSSKULE

Det vert sundagsskule på
Kyrkjebygd skule kl.14.00 den
22.03 - 05.04 - 26.04 - 10.05
24.05 - 31.05 - 14.06

VELKOMMEN!

TIL LEIGE

Lokaler til leige i "gamle banken".
Henv. tlf. 74 84 62.

HAR DU NOKO TIL LEIGE?

Den siste tida har det vore ein del telefonar inn til kommunen om nokon har hus/hybel/leilighet til leige. Kommunen har lite å tilby, men vil gjerne hjelpe. Dersom du har noko å leiga ut, kan du gjerne meldt frå til teknisk sjef som så vil kunna vidareformidla dette til aktuelle leigetakarar som ringer inn til kommunen.